

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga

Postboks 7900

5020 Bergen

Vår dato: 13.03.2017

Vår ref: 2011/3459 - 6403/2017 / 243

Dykkar ref:

Fylkeskommunalt investeringstilskot 2017 - Stord Hestesportsenter

Stord Hestesportsenter vart bygd i 2013/2014, og er eit moderne hestesportsenter som er eigd av Sunnhordland Travlag og Stord Hestesportlag. Hovudanlegget har ein ridehall på 62x 22 m, fire stallavdelingar og ein isolatstall med til saman 42 stallplassar der alle har eigen luftegard knytt til boksen. Anlegget har klubbhus med garderobar, lager til fôr og reiskap, utandørs ridebane på 60x40 m, dommarbod, trav/rideløype mm.

Dei driv rideskule der ca. 70 elevar rir kvar veke. Dei fleste i alderen 5 til 16 år, men det er og kurs for vaksne.

I august 2016 vart det gjort ei stor investering ved at nabogarden til anlegget vart kjøpt. Dette er ein stor gard som inneheld stall med plass til 11 hestar, 20 gjesteboksar (trong for oppgradering), ridehall 42*22 m, og ein stor grus-/ovalbane og store bakkar til beite. I tillegg er det eit innreia selskapslokale med kjøkken, bustadhus, eit leilegheitsbygg med 8 leilegheiter, garasje, toalett og lager.



Stord Hestesportsenter – hovudanlegg til venstre, ny del av anlegget til høgre.

Sidan 2014 har her årleg vore arrangert mange distriktsstemner i både sprang, dressur og køyring. Sommaren 2016 arrangerte dei saman med Ytre Sunnhordland Fjordhestlag ei stor jubileumsutstilling og finalen i Vestlandsmeisterskapet i køyring.

Ved å utvida anlegget har ein fått høve til å arrangere større stemner enn det ein har gjort til no. I september 2017 er dei tildelt landsstevne i sprang. Dette er eit stort nasjonalt stevne som går over

tre dagar. I 2018 er dei tildelt Noregsmeisterskap (NM) for fjordhest, der ein vil konkurrera i sprang, dressur og køyring. Dette er eit stort stemne som går over fem dagar, og det vil koma deltakarar frå heile landet.

For å kunne gjennomføra desse store stemna lyt dei få ferdigstilt anlegget. Hovudinvesteringane som er påkravd for å arrangere nasjonale stemne er knytt til å gjera om dagens ovalbane til ein stor utandørs ridebane 100 x 50 m og oppvarmingsarena 20 x 50m, etablere ridesti/køyreløype eigna for maratonkøyring, og istandsetting av gjesteboksar for å minske trongen for innleige av teltstallar (midlertidige stallboksar).

Tabellane under syner kva anleggseiningar Stord Hestesportsenter har inne til handsaming med tanke på spelemiddeltildeling og finansieringa av desse:

Tiltak	Innkjøp Total NOK	Dugnad NOK	Mva NOK	Sum NOK
Øvre Ridehus	4 360 000	300 000	90 000	4 750 000
Øvre Stall	3 100 000	300 000	200 000	3 600 000
Stor utandørs ridebane	4 412 140	370 000	568 660	5 350 800
Ny ridesti - køyretrase	2 409 600	405 000	477 400	3 292 000
Lysanlegg	1 796 000	290 000	449 000	2 535 000
Total	16 077 740	1 665 000	1 785 060	19 527 800

Finansiering	Spelemidler	Dugnad	Anna finansiering/ lån	SUM
Øvre Ridehus	1 500 000	300 000	2 950 000	4 750 000
Øvre Stall	1 000 000	300 000	2 300 000	3 600 000
Stor utandørs ridebane	700 000	370 000	4 280 800	5 350 800
Ny ridesti - kjøretrase	700 000	405 000	2 187 000	3 292 000
Lysanlegg	700 000	290 000	1 545 000	2 535 000
Totalt	4 600 000	1 665 000	13 262 800	19 527 800

Stord Hestesportsenter vil etter oppgraderinga ha eit unikt anlegg i regionen med kapasitet til å arrangere store nasjonale stemner. I tillegg er anlegget universelt utforma, tilgjengeleg for hesteinteresserte i alle aldre inkludert brukarar med funksjonshemming. Anlegget er eit av Norges Rytterforbunds 11 hovudanlegg for hestesport i Norge.

Link liste hovudanlegg: <http://www.rytter.no/klubb/anleggsstrategi/nryfs-hovedanlegg/>

Spelemidlane vil ikkje kunne dekkja 1/3 av kostnadene med å oppgradera anlegget til naudsynt standard, og Stord Hestesportsenter har allereie ei høg lånebelastning i form av banklån. Dei søkjer difor om fylkeskommunalt investeringstilskot slik at dei kan få gjort naudsynt investering for å få anlegget operativt i tide til nasjonale stemne.

Dei har tidlegare fått 4 millionar kroner i programsatsingsmidlar (2012). Det vart søkt om 3 millionar kroner i fylkeskommunalt investeringstilskot og det vart gjeve tilsegn om 800 000,- kroner i 2013. Klubben har lånt midlar for å gjera ferdig anlegget. Dei ynskjer difor å søkja om 2,2 millionar kroner i fylkeskommunalt investeringstilskot. Ferdigstilling av anlegget vil gjera dei betre rusta til å arrangere fleire større stemner. Ved tildeling vil dei prioritera å omgjera dagens ovalbane

til ein stor utandørs ridebane med nasjonale mål og etablere ridesti/køyreløype eigna for maratonkøyning slik at ein vert klar til landstemne og Noregsmeisterskap. Stord kommune stettar søknaden.

Viser elles til tidlegare innsendte søknader. Om her er noko uklårt/mangelfullt, ver gild å ta kontakt med underteikna.

Med helsing

Sylve Rusten
rådgjevar idrett- og friluftsliv

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:
Kultur- og idrettsavdelinga v/Björg Larsen

Postboks 7900

Bergen